



Meland kommune

Postboks 79

5906 Frekhaug

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tor G. Turøy, 55 57 22 22

## Statleg tilskot for 2019 til to stillingar i den kommunale barnevernstenesta

Vi viser til Meland kommune si oversending av rekneskapsutskrift og revisjonsrapport for det statlege tilskotet for 2018 til to stillingar i den kommunale barnevernstenesta. Vi mottok sendinga per post i dag 5. juni 2019.

I 2018 hadde Meland kommune til rådvelde i alt 1 470 875 kroner i øyremerka statleg tilskot til å finansiere vidareføring av stillingar ved barnevernstenesta i kommunen, sjå tildelingsbrevet vårt av 9. mai 2018. Dette gjeld to stillingar som Meland kommune oppretta med statlege midlar i 2011 og 2013.

Rekneskapa for dei to stillingar vart revidert i dag 5. juni 2019 av revisjonssjef Janne Eraker i Nordhordland revisjon iks. I revisjonsrapporten står det at kommunen i 2018 brukte i alt 1 339 744 kroner på lønsutgifter til dei aktuelle to stillingane.

Vi legg etter dette til grunn at Meland kommune i fjor nytta 1 339 744 kroner av dei 1 470 875 statlege tilskotskronene som kommunen hadde til rådvelde, og at 131 131 kroner vert overførte til bruk i barneverntenesta i 2019. Løyvinga i år vert tilsvarande redusert.

Ordninga med styrkingsmidlar til barnevernet over statsbudsjettet kapittel 854 post 60 er ført vidare i 2019. Til to stillingar kan ein få inntil 1 512 055 kroner i statstilskot.

Meland kommune får med dette tilsegn om **1 380 924 kroner** i statleg tilskot for 2019 til å finansiere to stillingar som kommunen har oppretta med øyremerka statlege midlar. Meland kommune disponerer såleis inntil 1 512 055 kroner, når vi tek med dei 131 131 kronene som er overførte frå 2018.

Tilskotet vil bli utbetalt når kommunen har sendt oss vedlagde stadfesting i underskriven stand.

Det er ein føresetnad at Meland kommune ikkje reduserer stillingane i det kommunale barnevernet til eit lågare nivå enn 2013, som er det siste året kommunen fekk statleg tilskot til å opprette stilling ved barnevernstenesta.

Tilskotet skal nyttast til løn og lønsrelaterte utgifter, som inkluderer overtidsgodtgjering, kompensasjon for ubekvem arbeidstid, feriepengar, arbeidsgjevaravgift, pensjonsdel og eventuelle andre sosiale utgifter. Tilskotet dekkjer ikkje overhead/administrasjonsutgifter, telefonutgifter,



kontorutgifter, utgifter til kurs og opplæring, reiseutgifter, godtgjering for bruk av eigen bil og innkjøp av konsulenttenester eller rettleiingstenester.

Tilskotet skal i utgangspunktet nyttast i 2019. Tilskotsmidlar som ikkje vert brukte i år kan likevel overførast til neste år, og i tilfelle vil ei eventuell statleg løyving neste år bli tilsvarande redusert.

Ved årsskiftet 2019/2020 går Meland kommune inn i den nye Alver kommune. Vi legg til grunn at dei to aktuelle stillingane i Meland vert vidareført i Alver kommune.

Alver kommune skal sende ein enkel rekneskapsrapport for bruken av tilskotet for 2019 til Fylkesmannen i Vestland innan 1. mars 2020. Det er berre løn og lønsrelaterte utgifter som skal inngå i rapporten, og rekneskapan skal berre omfatte dei stillingane som er finansiert med statleg tilskot. *Det er ikkje krav om revisoruttale for bruken av tilskotet for 2019.*

I medhald av statens løyvingsreglement har Fylkesmannen og Riksrevisjonen rett til å kontrollere at tilskotet vert nytta etter føresetnadene. Kommunen må difor setje opp rekneskapan på ein slik måte at lønsutgiftene til to stillingar kjem fram, i tilfelle Meland kommune vert plukka ut for kontroll.

Dersom tilskotet ikkje vert nytta etter føresetnadene, skal pengane tilbakebetalast til statskassa.

Vi ber om at referansenummeret vårt, 2019/3648, vert påført framtidig korrespondanse som gjeld tilskotet for 2019.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen  
seksjonsleiar

Tor G. Turøy  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

